

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke mot 3 røyster (U).

Vedtak

1. Fylkestinget sluttar seg til at det er behov for å avklåra premissane for bruk av dei fylkeskommunale midlane i Miljøløftet fram mot handlingsprogram 2023-2026 og fram mot ei eventuell reforhandling av byvekstavtalen.
2. Fylkestinget ber om at det ved neste reforhandling av byvekstavtalen vert sett av eigne bidrag frå alle partane til å finansiera fellesfunksjonar.
3. Fylkestinget sluttar seg til at det ikkje er behov for ei geografisk omfordeling av fylkeskommunale midlar til investeringstiltak innanfor Miljøløftet. Investeringsmidlane skal framleis nyttast i Bergen.
4. Fylkestinget viser til at det er eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald av fylkesvegnettet og sluttar seg til at potten *Vedlikehaldstiltak av investeringskarakter* vert auka til 50 mill. (2021-kr) årlig. Midlane skal kunne nyttast i heile avtaleområdet.